



Alver kommune v/plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 28bb9d99-a054-4a90-8273-5ea0ec5be52b

Vår: 22/952 - 22/15503

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

23.02.2022


Oversender søknad til uttalelse - gbnr 172/217 Hopland

Tiltak: vertikaldelt 2-manns bustad
Byggjestad: Gbnr: 172/217
Tiltakshavar: Seim Eiendomsutvikling AS
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

Saka gjeld søknad om etablering av tomannsbustad. Planstatus Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Nilshøyen med planid. 1263-201101 er definert som boligbebyggelse – frittliggende småhusbebyggelse. Tiltak ligg på tomt 9 i arealplankart.

Uttale:

Tiltakshavar har i søknad skissert at det vert søkt om to avkjørslar til bustadtomta. Avkjørslane er ikkje vist med svingradius. Primærvegen er noe smalare enn det som er vist på situasjonskart. Total vegbredde inkludere også fortau langs gbnr 172/186 (barnehage).



Dersom avkjørslane vert etablert med svingradius $R=4$ meter (svingradius personbil) vil avkjørslane komme for tett opp til kvarande. Dette vil gjere at det totale trafikkbilete vert komplisert (fleire faktorar som førar som skal ut av avkjørsla må forhalde seg til).

For bustadtomter vert det berre tillete med ei avkjørsle per tomt (dette vil også gjelde ved ei eventuell deling av tomt). Krav om ei felles avkjørsle til tomtsbustad er teke av omsyn til trafikktryggleiken i området.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

For å kunne ha god trafikktryggleik i og langs ei veg, må avkjørslane være etablert med ei viss avstand for at desse skal være oversiktlige. På grunn av tomt 9 sin størrelse er det, i reguleringsplan for Nilshøyen, regulert inn ei avkjørsle til tomta.

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning anbefaler at byggesak forholder seg til reguleringsplanen og sett krav om ei felles avkjørsle til tomannsbustaden. Dette for å sikre at tomannsbustaden får ei forsvarleg og trygg avkjørsle. Ei felles avkjørsle til tomannsbustaden vil auke tryggleiken til brukarane av denne, samt auke tryggleiken i og langs primærvegen.

Avkjørsla bør og stette dei krava ein har til avkjørsler frå offentlege veger. Krav til sikt bør være ihht Vegnormal N100 og svingradius bør settes til minimum 4,0 meter (svingradius personbil).

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune v/plan og byggesak Postboks 4

5906

FREKHAUG